



PLAN FOR BRUK AV NYNORSK I NISSEDAL KOMMUNE

Vedteke av kommunestyret 2. oktober 2014, sak 67/14

Revidert utgåve vedteke 22. januar 20026, sak 3/26

1 Innhold

1.	Kvifor plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune?	3
1.1	Bruk av nynorsk internt i organisasjonen Nissedal kommune.....	3
1.2	Klarspråk.....	3
1.3	Profesjonell/offentleg språkbrukar og personleg/privat språkbrukar	4
1.4	Bruk av nynorsk blant innbyggjarane i Nissedal kommune	4
1.5	Dialekt	4
2.	Arbeidet med planen	5
3.	Visjon	5
4.	Hovudmål	5
5.	Delmål og strategi.....	5
6.	Kompetanseheving og opplæring	7
7.	Rullering av planen.....	7
8.	Vedlegg:	8
	Tiltaksplan for samarbeidet mellom Nissedal mållag og Eining for oppvekst og kultur i Nissedal kommune	8
8.1	Teksttevling	8
8.2	Norsk Barneblad.....	8
8.3	Nynorsk i barnehagane	8
8.4	Bøker til barnehagane.....	8
8.5	Nettressursar, bøker og materiell.....	9
8.5.1	Nettressursar:	9
8.5.2	Nynorskbøker:	9
8.5.3	Materiell frå organisasjonar:	9

1. Kvifor plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune?

Nissedal kommune har vedteke at nynorsk er kommunens administrasjonsspråk. Kommunen har ein sterk tradisjon som nynorsk-kommune, noko som er godt dokumentert i tidlegare politiske uttalar frå kommunestyret. Mange er stolte brukarar av dialekten sin og det nynorske skriftspråket. Dersom denne viktige delen av kulturarven vår skal bli vidareført, krev det ei bevisst haldning som nynorskbrukar.

Nynorsk er eit moderne språk som kan brukast til alt. Som eit aktivt og direkte språk, bygd på dialektane våre, gjer nynorsk det lettare å skrive klårt og forståeleg. Dette er ein viktig demokratisk verdi. Språket vårt er den viktigaste infrastrukturen me har for å kommunisere med kvarandre.

På mange måtar er nynorsk noko meir enn ei målform. Det er språkhistoria frå gamalnorsk, til mellomnorsk, utviklinga i nynorske dialektar og samlinga i nynorsk skriftmål. Nynorsk har vakse fram til eit skriftmål med ei særskild rik dikting, med songar, med regler og rim, med ordtak og stadnamn. Nynorske forfattarar som skriv ledig og lett, slik som Edvard Hoem og Maria Parr, når like høge opplagstal som bokmålsforfattarar.

Dette er viktige delar av kulturarven vår. Det formar identiteten vår, og det er med på å skape ei god kjensle av å ha ein heimstad der ein høyrer til, og gjev tryggleik når ungdommen vår skal ut på vidare utdanning og velje yrkesveg.

Auken i mobilitet i befolkninga og stadig press frå bruk av bokmål i sentrale media og liknande, har gjort at det er lettare enn før å velje vekk bruk av det nynorske skriftmålet. I dette ligg det utfordringar knytt til å motivere til bruk av nynorsk både i og utanfor eigen organisasjon. På bakgrunn av denne utviklinga har kommunen i sin planstrategi (vedteken i januar 2013) definert følgjande utfordring:

- Korleis kan kommunen ta ei meir aktiv rolle i å ta vare på identitet og kulturarv som ligg i det å bruke nynorsk i det daglege?

Som svar på utfordringa er det i planstrategien vedteke at det skal utarbeidast ein plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune. Det er definert at planen skal omfatte bruk av nynorsk både internt og utanfor kommunen som organisasjon.

1.1 Bruk av nynorsk internt i organisasjonen Nissedal kommune

Sidan nynorsk er vedteke som administrasjonsspråket i kommunen, vil mange sjå det som sjølvstøtt at alle tilsette nyttar nynorsk i all sin skriftlege kommunikasjon i arbeidet sitt. Likevel kan me finne mange døme på at tilsette nyttar bokmål. t.d. i oppslag som er retta mot innbyggjarane/brukarane, noko som ikkje er i samsvar med språkvedtaket til kommunen. Det er heller ikkje underleg at ein del tilsette kan slite med å formulere eksterne skriv på god nynorsk. Me treng difor å gjere ein innsats i organisasjonen i kommunen for å oppfylle språkvedtaket. Denne planen skal peike på kva mål me set for dette arbeidet.

1.2 Klarspråk

Språklova slår fast at alle offentlege organ skal skrive på eit språk som er «klart, korrekt og tilpassa målgruppa». Dette forpliktar oss til å arbeide kontinuerleg med å gjere språket vårt betre og hjelpe kvarandre å skrive ein nynorsk som oppfyller alle elementa i dette lovkravet.

Skriftspråket til dei tilsette i Nissedal kommune skal vere enkelt, klårt og brukarvennleg. Me skal bruke eit språk som er lett å forstå for innbyggjarar i ulike aldrar og med ulik bakgrunn. Språket skal vere korrekt etter gjeldande rettskriving og bør leggje seg nærmast mogleg talemålet til den som skriv. Der det er valfridom kan det vere godt for den som skriv å velje den forma som ligg eigen dialekt nær, slik at språket blir kjent på som naturleg.

1.3 Profesjonell/offentleg språkbrukar og personleg/privat språkbrukar

Det er viktig å vere klar over at me har ulike roller som språkbrukarar. Privat vel me den målforma som måtte passe oss. Kanskje me då òg skifter med å bruke bokmål, nynorsk eller dialekt alt etter kven som er mottakar. Er me språkbrukar i ei offentleg stilling, i stat, fylkeskommune eller kommune, er det viktig å kunne bruke den målforma som det er gjort vedtak om. Då er det òg viktig å kunne møte denne målforma lojalt med ei positiv innstilling, slik at me saman skaper kultur for læring.

Forsking syner at det å lære fleire målformer eller språk. er med på å utvikle dei språklege, kognitive sidene våre. *Øving gjer meister.*

1.4 Bruk av nynorsk blant innbyggjarane i Nissedal kommune

I *Kommuneplanen for Nissedal -samfunnsdelen - 2020-2031* står mellom anna dette:

- Me har fokus på identitet og omdømme
- Me profilerer oss som eit reisemål for korttidsopphald med kvalitetar innan natur, aktivitet, kultur og underhaldning
- Me ser samanheng mellom kulturbasert næring og identitet og attraktivitet

Turistar og tilreisande vil gjerne møte det som er av særpreg på dei stadene dei kjem til. Det vil difor styrke opplevingane for denne gruppa om Nissedal kan vidareføre den sterke tradisjonen sin for bruk av dialekt og nynorsk.

Også for fastbuande innbyggjarar har kulturarv, identitet og tilhøyr mykje å seie. Med god bruk av dialekt og nynorsk i det opne rom. Dette vil vere med på å gjere folk stolte av staden dei bur eller driv næring på. Slik kan ein auke sjansen for at dei blir verande i kommunen. Det kan òg vere ein styrke overfor tidlegare innbyggjarar, som har vore ute i nokre år for å ta utdanning og samle nyttig erfaring. Det at dei kan kome heim att til ein stad der folk er stolte av heimstaden sin, kan òg vere ein viktig faktor for om ein tek dette valet eller ikkje. Samla sett kan desse forholda vere med på å gje ein folketalsauke på sikt, i tråd med kommuneplanen.

1.5 Dialekt

Dialekten er ein viktig del av identiteten og kulturarven vår. Han knyter oss til historia, heimstaden og fellesskapet. Når me brukar dialekten i kvardagen – i samtalar, på scenen, i sosiale medium og i lokale arrangement – styrkjer me kjensla av tilhøyr og stoltheit.

Dialekten gjer språket levande og personleg, og ho er eit naturleg grunnlag for nynorsk skriftmål.

I dag ser me at færre ungdommar tek vare på dialekten si. Press frå media, sosiale plattformer og auka mobilitet gjer at mange glir over til meir standardisert språk. Difor er det ekstra viktig at både heim, barnehage, skule og lokalsamfunn oppmodar til aktiv bruk av dialekten, slik at han ikkje forsvinn, men blir gjeven vidare til nye generasjonar.

2. Arbeidet med planen

Utviklingstrekk og utfordringar knytt til bruk av nynorsk i Nissedal kommune er omtalt i Planstrategi for Nissedal kommune. Det blei lagt vekt på å utnytte motivasjonen som låg i det fokuset språk generelt og nynorsk spesielt hadde i Språkåret 2013. Det blei då nedsett ei arbeidsgruppe som jobba med ulike tiltak. Dette arbeidet har lagt grunnlaget for revidering av planen i 2025.

Planen er revidert hausten 2025. Arbeidsgruppa har bestått av Harald Valle og Tor Valle frå Nissedal mållag, Tone Straand, rektor ved Kyrkjebygda oppvekstsenter avd. skule, og Reidun Carol Retterholt, kommunalsjef for oppvekst og kultur.

Planen har vore på høyring til alle tilsette i Nissedal kommune, og styret i Nissedal mållag. Planen er sendt til AMU for uttale før han er sendt til kommunestyret.

3. Visjon

Nissedal kommune skal bli oppfatta som ein føregangskommune for bruk av nynorsk.

4. Hovudmål

- a. Tilsette i Nissedal kommune brukar nynorsk i all ekstern skriftleg og helst også i intern kommunikasjon.
Det er rom for unnatak dersom individuelle føresetnader krev det. Det er kommunalsjef som gjev slike unnatak.
- b. Elevar i Nissedal kommune vel å skrive og lese nynorsk framfor bokmål.
- c. Barnehagebarn i Nissedal kommune har eit naturleg forhold til nynorsk som formidlingsspråk og lærer nokre grunnleggjande ord og uttrykk.
- d. Bedrifter og organisasjonar i Nissedal kommune tek eit bevisst val mellom bokmål og nynorsk når det gjeld namn, skriftleg arbeidsspråk og skilting.

5. Delmål og strategi

Knytt til kvart hovudmål har me funne fram til ulike delmål og strategiar. Under desse vil det vere naturleg å leggje konkrete tiltak som samla må til for å oppfylle hovudmålet.

Hovudmål a: Tilsette i Nissedal kommune brukar nynorsk i all ekstern skriftleg og helst også i intern kommunikasjon.

1. Nissedal kommune forventar at alle tilsette kan skrive nynorsk.
2. Leiarforum er eit føredøme og brukar alltid nynorsk i ekstern og helst også i intern kommunikasjon.

3. Alle leiarar krev av sine tilsette at dei brukar nynorsk i ekstern og helst også i intern kommunikasjon, og følgjer dette opp med rettleiing av den einskilde ved behov.

Det er rom for unnatak dersom individuelle føresetnader krev det. Det er kommunalsjef som gjev slike unnatak.

Hovudmål b: Elevar i Nissedal kommune vel å skrive og lese nynorsk framfor bokmål.

Det er vedteke politisk at det skriftlege undervisningsspråket i skulane i Nissedal kommune skal vere nynorsk. På ungdomssteget er det eleven sjølv som vel målform.

1. Undervisningspersonalet skal gjere sitt beste for å fylgje opp det politiske vedtaket.
2. Det er utarbeidd *Tiltaksplan for samarbeidet mellom Nissedal mållag og Eining for oppvekst og kultur i Nissedal kommune*. Denne ligg vedlagt som ein del av denne planen.
3. Skuleleiarar skal leggje til rette for nynorskopplæring dersom undervisningspersonalet treng det, og sjå til at kommunikasjonen til føresette er på nynorsk.
4. All programvare i skulane bør vere på nynorsk. Sjå Tiltaksplanen punkt 8.6
5. Bøkene (både i papir og digitalt) i skulefritidsordninga bør vere på nynorsk, både dei det blir lese høgt frå, òg dei barna sjølve kan lese.
6. Me vil arbeide aktivt og allsidig for at den delen av elevane som vel bokmål i 8. steget, skal gå ned.
7. Biblioteket satsar breitt på bøker på nynorsk, både digitalt og på papir.
8. Bokprosjekta i skulane skal i stor grad omfatte bøker på nynorsk, og forfattarar som skriv på nynorsk.
9. Skulen skipar ein nynorsk tekstkonkurranse for skuleelevar i samarbeid med lokalt nærings- og kulturliv.
10. Program for 17. mai. Jf. Tiltaksplanen. Alle framføringar som 7. klasse har på 17.mai og andre tilstellingar, skal vere på nynorsk eller dialekt.
11. Tilsette, i samarbeid med biblioteket, set av tid til å presentere nynorsk litteratur.
12. Skulen bidreg til at dialekten til nissedølane blir halde liv i.

Hovudmål c: Barnehagebarn i Nissedal kommune har eit naturleg forhold til nynorsk som formidlingsspråk og lærer nokre grunnleggjande ord og uttrykk.

1. Bruk av nynorsk skal vere forankra i årsplanane i barnehagane.
2. Barna skal bli kjende med nynorsk som formidlingsspråk både gjennom litteratur, song, rim og regler. Det er vidare eit mål at alle skal lære å bruke *eg* og *ikkje*, og ord som *høg* og *låg*, *høgre* (og *venstre*), *veg*, *vatn* og *mjølk*, noko som er grunnleggjande som identitetsmerke. Vidare bør det vere eit mål at alle skal lære *substantiv med tre kjønn*, noko som er eit svært viktig grunnlag for vidare opplæring i nynorsk. Dette er ikkje til hinder for at tilsette nyttar eigen dialekt i daglegtale, og gjev barna våre opplevingar med mangfaldet av dialektar som finst.
3. Barnehagen bidreg til at dialekten til nissedølane blir halde liv i.

Hovudmål d: Bedrifter og organisasjonar i Nissedal kommune tek eit bevisst val mellom bokmål og nynorsk når det gjeld namn, skriftleg arbeidsspråk og skilting.

1. Nissedal kommune oppmodar alle lokale bedrifter om å nytte nynorsk. Nissedal kommune samarbeider med Nissedal mållag om å gje målpris.
2. Nissedal kommune oppmodar alle lag og foreiningar til å nytte nynorsk.

6. Kompetanseheving og opplæring

Nissedal kommune er medlem i Nynorskkommunane – LNK, ei samanslutning som har til føremål å fremme nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Som medlem i LNK får Nissedal kommune tilbod om kurs 1 gong årleg til ein subsidiert pris på om lag 10 000 kr + reiseutgifter og opphald for kurshaldar. Me har som mål å gjennomføre slike kurs årleg, der me rullerer på deltakarane.

Me brukar *MERkompetanse* som kompetanseplattform. Nynorskkurs ligg som standardkurs for alle tilsette. Barnehage og skule har utvida kurs for bruk av nynorsk.

Me kan tipse om *Apertium.com* og *ordbøkene.no* som gode hjelpemiddel i kvardagen.

7. Rullering av planen

Planen skal rullerast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode. FAU, Ungdomsrådet og Arbeidsmiljøutvalet har rett til å uttale seg om planen i samband med rullering.

Neste rullering er planlagt i 2030.

8. Vedlegg:

Tiltaksplan for samarbeidet mellom Nissedal mållag og Eining for oppvekst og kultur i Nissedal kommune

Denne tiltaksplanen inngår som eit vedlegg til *Plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune*.

Nynorsk er opplæringsmålet i Nissedal kommune og gjeld i alle våre barnehagar og skular. Nissedal mållag er gode støttespelarar i dette arbeidet. I leiarmøte for oppvekst og kultur 09.09.24 blei me samde om desse tiltaka. Tiltaka skal bidra til at me held merksemd på godt nynorsk i avdelingane våre.

8.1 Teksttevling

Annakvart år er det teksttevling i regi av Nissedal mållag for elevar i 9. klasse. Det er to ulike stilartar elevane tevlar i. Vinnarane får 500 kroner kvar av Nissedal mållag.

Nissedal kommune ved rektor på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule skal ha ansvar for å initiere denne tevlinga annakvart år. Rektor tek kontakt med leiar av Nissedal mållag på hausten for å avtale tidspunkt og møteplassar.

Vinnarane blir presenterte på kulturkveld dei åra det blir gjennomført. Kultursjefen har ansvar for å få dette med i programmet, og gjev rektor melding om det blir kulturkveld eller ikkje.

Er det ikkje kulturkveld skal vinnarane bli presenterte for medelevar i ungdomsskulen i ei felles samling i skuletida som skulen arrangerer saman med Nissedal mållag. Det blir teke bilete av vinnarane og saka blir omtala på Nissedal kommune si heimeside og Facebookside. Skulen tek ansvar for det siste.

8.2 Norsk Barneblad

Nissedal mållag tingar kvart år klassesett av Norsk barneblad som blir gitt til elevar i 5. klasse. Klassesetta blir sende til skulane.

8.3 Nynorsk i barnehagane

Barnehagen brukar nynorsk som skriftspråk. Barna skal møte nynorsk i kvardagen i bøker, songar, rim og regler. I læring av dagar, månader, årstider, høgtider, måltid, retningar som t.d. høgre og venstre o.l., skal ein så langt det er mogleg, ha øvingane på nynorsk.

Dersom det manglar bøker, materiell og emnehefte på nynorsk, vil gjerne Nissedal mållag hjelpe til med å skaffe desse.

8.4 Bøker til barnehagane

Nissedal mållag gjev, når det er rom for dette, nynorskbøker tilpassa aldersgruppa 0-5 år, til barnehagane.

8.5 Nettressursar, bøker og materiell

8.5.1 Nettressursar:

- [LNK](#)
- [Nynorsk kultursentrum](#)
- [Språkrådet](#)
- [Norsk Barneblad](#)
- [Samlaget](#)
- [Nynorsksenteret](#)

8.5.2 Nynorskbøker:

Flest nye nynorskbøker finn me på Samlaget.

Som medlem i Landssamanslutninga for Nissedal kommune rabatt som vist til i lenkja under:

<https://lnk.no/lnk/om-lnk/lnk-kortet/>

Ein del fine bøker til nedsette prisar finn me i Nynorsk antikvariat i Tvedestrand.

Ark bokhandel har laga oversikt over alt som er på nynorsk -

<https://www.ark.no/emner/nynorsk>

8.5.3 Materiell frå organisasjonar:

Ein del organisasjonar har laga undervisningsmateriell som me kan få tilsendt gratis eller finne på nett:

a. *Landssamanslutninga for nynorskkommunar* lagar ei fin avis som heiter *Framtida.no*. Her finn me nyheiter/nyhende, og her får dei unge vise fram engasjement.

b. Vidare er det viktig å gjere kjent at nynorskavisa *Dag og Tid* har opne delar av sider med nyhende og quiz. Her er naturleg nok vanskegraden litt større, men desse sidene vil absolutt kunne brukast i ungdomsskulen.

c. Når elevane får oppgåver med å finne nyhende/nyheiter frå ulike aviser, er det ønskjeleg at lærarane i fyrste omgang viser til dei nynorske kjeldene. Her vil vi først nemne nynorskavisa *Dag og Tid* og lokalavisa *Vest-Telemark Blad*. Av riksavisene elles har *Vårt Land*, *Nationen* og *Klassekampen* ein god del på nynorsk.

d. Me vil òg minne om opplysningar, bøker, undervisningsopplegg og podkastar som me kan finne på sidene til *Nynorsksenteret*, *Samlaget*, *Norsk Barneblad*, *4H* og *Norges Bondelag*. På sidene til *Språkrådet* finn me både *Minigrammatikk*, *Øvingsrom* og *Grammatikk*, og elles interessante opplysningar. Her finst det òg gode nyheitsbrev ein kan abonnere på.

e. Like eins finn me gode undervisningsopplegg på *Det Norske Teatret*, opplegg som òg kan vere nyttige om ein ikkje planlegg teatertur.